

# ÅRSMØTEPROGRAM 2024

15.-17. MARS





# Velkomen til distriktsårs møtehelga 2024

i Sogn og Fjordane Røde Kors, 15. – 17. mars på Kviknes Hotell i Balestrand

Vi er snart kome to månader inn i det nye året no når eg sit og skriv. Vi har hatt ein periode med skikkeleg, god, gamaldags vinter med mykje snø og stabilt kalde dagar og netter over ein lengre periode. Og no i det siste har regnbyene og blåsten fått prege distriktet vårt.

Skifta i ver og temperatur skapar ulike utfordringar rundt om i distriktet, frå kysten og innover fjordane til høgfjellet. Og dei skapar stemningar og stunder å kjenne på.

I alle helsingane eg har skrive dei siste åra til opning av årsmøta og samlingane våre, og i årsrapportane vi sender ut, har eg lagt inn noko om verdien av å bli sett.

Det å få ei merksemd ved eit blikk, eit smil, eit hei – kanskje med spørsmålet 'korleis går det?' Eller å få veksla nokre fleire ord, ansikt til ansikt. Å kjenne på å vere litt med i ein annan sitt liv. Å kjenne på eigenverdi. Vi kan alle trenge det når stemningsskifta kjem.

Mange unge lever store delar av livet via skjerm. Dialogen med andre går i form av korte frasar og symbol i ulike digitale kanalar. Ofte i høgt tempo, og med fleire involvert. Eg får fortalt at fleire har gode vener der – som dei aldri har møtt, anna enn i den digitale verda.

Vi som er vaksne og kjenner ei anna tid, veit om verdien av å møtast – utan skjerm. Men vi må akseptere at dette andre skjermlivet er kome for å bli, og spesielt for dei som veks opp no.

Dei digitale løysingane har mange fordelar, men eg håpar at vi i Røde Kors spesielt, kan fortsette å gjere begge deler; ha og utvikle dialogen på skjerm, men òg prioritere høgt det å møtast ansikt til ansikt.

Mi oppleving er at unge av i dag òg set stor pris på å møtast ansikt til ansikt, og å bruke tid på kvarandre. Eg trur vi gjer gode investeringar for framtida dersom vi bidreg til trygge og stabile møteplassar for unge lokalt.

Stor honnør til dykk som gjer dette alt i dag; anten det er Barnas Røde Kors, Røde Kors Førstehjelp og Friluftsliv (RØFF) eller andre treffpunkt for unge. Eg håpar at fleire kan få

inspirasjon til å starte opp av den nasjonale RØFF-campen som vi skal arrangere saman med Luster Røde Kors i juni.

Men no først er det årsmøte. Balestrand tek oss i mot. Ei av fem lokalforeiningar som fyller 100 år i 2024. Askvoll, Eid, Flora og Førde er dei andre.

I kavet med å vere frampå og utvikle og drifte aktivitet i samsvar med behova i lokalsamfunnet, er det viktig å nokon gonger stoppe opp. Og prøve å lære av historia og av dei som gjekk føre oss i Røde Kors-organisasjonen lokalt.

Det er litt av det vi skal gjere når vi samlast til distriktsårs møtet. Lære litt av det vi gjorde i 2023, og legge planar for 2024. Naturleg nok er ein del av aktiviteten lik frå år til år. Røde Kors-skuta endrar ikkje kurs så ofte. Men det er viktig at vi torer å stille spørsmål. Torer å utfordre oss sjølve, på om vi gjer ting rett, og om vi prioriterer rett gjeremål.

For min del er eg viss på at prioriteringane vi har gjort og har halde fast ved dei siste åra i distriktsleddet har vore viktige og riktige.

Satsinga på kommunikasjon, rekruttering, ungdom, opplæring og digitalisering, er meint å både styrke og avlaste lokale ledd. Slik at meir av den lokale kapasiteten kan drive med lokal beredskap, søk og redning, besøksteneste, aktivitet for barn og unge, og for tilflyttarar.

Og til å møtast. Ansikt til ansikt. Der vi kan både snakke, lytte, diskutere, og konkludere. Og ha det kjekt i lag.

Ha eit godt årsmøte!



Svelgen, 23. februar 2024

Synøve Sande, distriktsleiar

# Velkomen til distriktsårsmøtehelga 2024 - program

i Sogn og Fjordane Røde Kors, 15. – 17. mars på Kviknes Hotell i Balestrand

## Fredag 15. mars

1930 – 2130 Uformell middag på hotellet med ein enkel buffet

## Laurdag 16. mars

0830 – 0930 Registrering og utdeling av saksmapper  
Kaffi og rundstykker til nyankomne

0930 – 1200 Valmøte for distriktsråd for hjelpekorps, distriktsråd for omsorg og distriktsråd for ung, og møte for lokalforeiningane

1200 – 1315 Lunsj

1320 Møtedeltakarar og gjester er på plass i plenumsalen

1330 - 1800 **Distriktsårsmøtet 2024**

Opning. Konstituering og start av årsmøtetingane med godkjenning av årsmelding og rekneskap for 2023, og med gruppearbeid om handlingsprogrammet

1930 Distriktsleiar inviterer til samling og ein aperitiff

2000 Festmiddag

2230 Dans og sosialt samkvem

## Sundag 17. mars

0900 Start andre dag av årsmøte. Opprop. Røde Korssangen

'Må lære meg å melke kuer'. Eit *feelgood*-foredrag om livet og demenssjukdom av Freddy Kjensmo

1000 Pause

1030 Årsmøtetingane startar

1245 Avslutting av årsmøtet 2024

1300 Lunsj og heimreise

## Lokalforeiningsmøtet laurdag 16. mars kl. 0930 – 1200

- 1 Velkomst ved distriktsleiar
  - Etter landsmøtet
  - Refleksjonar frå landsstyret
- 2 Beredskap
  - Status for arbeidet for flyktningane
  - Rapporten «Fremtidens frivillige beredskap»
  - Beredskapsavtaler med kommunen – ny aktualitet?
  - Øvingar
- 3 Førstehjelp. Strategi og tiltak
  - Distriktet sine prioriteringar og tiltak
  - Lokalforeiningane si rolle og ansvar
- 4 Digital strategi og system
  - Informasjon om mål, råmer og status
  - Distriktet sine prioriteringar og tiltak
  - Lokalforeiningane si rolle og ansvar
- 5 Organisasjonsutvikling og økonomi
  - Informasjon og kommunikasjon
  - Rekruttering
  - Leiarutvikling
  - Klima- og miljøarbeid i Røde Kors
  - Finansiering av investeringar og aktivitet
- 6 Årsmøtesakene og andre aktuelle saker
- 7 Avslutting og lunsj

Atterhald om endringar i programmet.

Spel gjerne inn saker på førehand som du vil ha informasjon om eller drøfta.

## Valmøte for distriktsråd hjelpekorps 2024

**Stad:** Kviknes Hotell i Balestrand

**Tid:** Laurdag 16. mars kl. 09.30–12.00

### Valmøte:

<b>Sak VDHJ-01/24:</b>	Godkjenning av innkallinga
<b>Sak VDHJ-02/24:</b>	Godkjenning av saklista
<b>Sak VDHJ-03/24:</b>	Val av møteleiar og sekretær
<b>Sak VDHJ-04/24:</b>	Val av 2 personar til å skrive under møteboka
<b>Sak VDHJ-05/24:</b>	Val av 3 personar til teljekomite
<b>Sak VDHJ-06/24:</b>	Val (det vert vist til innstilling frå valnemnda)

### Informasjons- og drøftingssaker:

#### 1. Årsmelding og rekneskap for 2023

Det vert vist til eige vedlegg til distriktsårsmøtet.

#### 2. Handlingsprogram og budsjett for 2024-2026

Det vert vist til eige vedlegg til distriktsårsmøtet.

#### 3. Andre aktuelle saker.

23. februar 2024

Anita Kristin Vik  
Distriktsrådsleiar

## Valmøte for distriktsråd omsorg 2024

**Stad:** Kviknes Hotell i Balestrand  
**Tid:** Laurdag 16. mars kl. 09.30–12.00

### Valmøte:

<b>Sak VDRO 01/24:</b>	Godkjenning av innkallinga
<b>Sak VDRO 02/24:</b>	Godkjenning av saklista
<b>Sak VDRO 03/24:</b>	Val av møteleiar og sekretær
<b>Sak VDRO 04/24:</b>	Val av 2 personar til å skrive under møteboka
<b>Sak VDRO 05/24:</b>	Val av 3 personar til teljekomite
<b>Sak VDRO 06/24:</b>	Val (det vert vist til innstilling i eige vedlegg)

### Informasjons- og drøftingssaker:

#### 1. Årsmelding og rekneskap for 2023

Det vert vist til eige vedlegg til distriktsårsmøtet.

#### 2. Handlingsprogram og budsjett for 2024–2026

Det vert vist til eige vedlegg til distriktsårsmøtet.

#### 3. Andre aktuelle saker

Dersom det er tema lokalråda ynskjer informasjon om, spel dette inn til distriktsrådsleiar eller distriktskontoret i god tid på førehand.

23. februar 2024

Arne Dale  
Distriktsrådsleiar

## Valmøte for distriktsråd ung 2024

**Stad:** Kviknes Hotell i Balestrand  
**Tid:** Laurdag 16. mars kl. 09.30–12.00

### Valmøte:

<b>Sak VDRU 01/24:</b>	Godkjenning av innkallinga
<b>Sak VDRU 02/24:</b>	Godkjenning av saklista
<b>Sak VDRU 03/24:</b>	Val av møteleiar og sekretær
<b>Sak VDRU 04/24:</b>	Val av 2 personar til å skrive under møteboka
<b>Sak VDRU 05/24:</b>	Val av 3 personar til teljekomite
<b>Sak VDRU 06/24:</b>	Val (det vert vist til innstilling i eige vedlegg)

### Informasjons- og drøftingssaker:

#### 1. Årsmelding og rekneskap for 2023

Det vert vist til eige vedlegg til distriktsårsmøtet.

#### 2. Handlingsprogram og budsjett for 2024–2026

Det vert vist til eige vedlegg til distriktsårsmøtet.

#### 3. Andre aktuelle saker

Dersom det er tema lokalråda ynskjer informasjon om, spel dette inn til distriktsrådsleiar eller distriktskontoret i god tid på førehand.

23. februar 2024

Marte Heggestad  
Distriktsrådsleiar ung

## Sogn og Fjordane Røde Kors

Langebruvegen 28, 6800 FØRDE  
Telefon: 57 72 31 30  
E-post: dk.sognogfjordane@redcross.no  
Organisasjonsnummer: 983 198 422  
Bankkonto: 3700.20.27616



[rodekors.no/sfj](https://rodekors.no/sfj)



[youtube.com/sfrodekors](https://youtube.com/sfrodekors)



[@sfrodekors](https://facebook.com/sfrodekors)



[@sfrodekors](https://instagram.com/sfrodekors)

**RØDE KORS-PRINSIPPA: HUMANITET,  
UPARTISKHEIT, NØYTRALITET, UAVHENGIGHEIT,  
FRIVILLIGHEIT, EINSKAP, UNIVERSALITET**

 **Røde Kors Sogn og Fjordane**